

**Protokoll
Regionrådet Nordhordland – fredag 8. juni 2018**

Møte: 4-2018
Tid: Fredag 8. juni kl. 13:30 - 16:00
Stad: Hordaland fylkeskommune, møterom Sunnhordland

Til stades:


Ordfører:	Karstein Totland, Øyvind Oddekalv, Per Lerøy (til kl. 13:00), Hallvard Oppedal, Stian Herøy, Jarle Skeidsvoll, Astrid Aarhus Byrknes, Jostein Borlaug (for Jon Askeland)
Rådmenn:	Jarle Landås, Martin W. Kulild, Ingvild Hjelmtveit
NUI:	Rune Heradstveit
Andre:	Sak 28/18: Grete Rusten, UIB Sak 29/18: Kjell Helge Kleppesø, Hordaland fylkeskommune Sak 30/18: Jan Ludvik Fosse og Kjell Idar Vangberg, Vest politidistrikt
Forfall:	Jon Askeland, Tom Kristian Thorsen, Ørjan Raknes Forthun, Svein Helge Hofslundsengen, Jo Bjarte Tømmerbakke, Jan Olav Osen, Reidun Halland

Sak 26/18	Godkjenning, møteinnkalling og sakliste Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 27/18	Godkjenning protokoll møte 3-2018 Møteprotokoll frå møte 3-2018 vart godkjent utan merknadar.
Sak 28/18	Prosjekt «Kunnskap og kompetanse i Nordhordland». Kort informasjon om gjennomføringsplan og framdrift av prosjektet (vedlegg) Rune Heradstveit informerte om at UIB geografisk institutt ved Grete Rusten er engasjert for å gjennomføra fellesprosjektet «Kunnskap og kompetanse i Nordhordland» som NUI og Nordhordland Næringslag har. Grete Rusten informerte om status for fellesprosjektet NUI og Nordhordland Næringslag har «Kunnskap og kompetanse i Nordhordland». Oppstart var i april 2018, for tida vert det gjennomført feltarbeid (intervju med over 100 verksemder + offentlege verksemder). Dette varer til ut på hausten, deretter vert det møte med fokusgrupper og presentasjonsmøte. Ferdigstilling av rapportutkast er planlagt til årskiftet. Ferdig rapport vil føreliggja 1. feb. 2019, og prosjektavslutning er sett til 1. mars 2019.
Sak 29/18	Informasjon om Karriere Hordaland og det nyoppretta kontoret Karrieresenter Nordhordland Kjell Helge Kleppesø, Hordaland fylkeskommune orienterte om Karriere Hordaland og det nyoppretta kontoret i Dampen i Knarvik (vedlegg). Karriere Hordaland tilbyr individuell rettleiing til alle hordalendingar over 19 år, og som ynskjer å ta utdannings- og yrkesval eller opplever omstillingar i arbeidslivet. https://www.hordaland.no/nn-NO/utdanning/karriererettleiing/
Sak 30/18	Møte med leiar geografisk driftseining Jan Ludvik Fosse og lensmann Kjell Idar Vangberg i Vest politidistrikt Leiar geografisk driftseining (GDE) Hordaland Jan Ludvik Fosse og lensmann Kjell Idar Vangberg i Vest politidistrikt var invitert til Regionrådet for å gjera greia for det som ordførarane og kommunane opplever som lite tilfredstillande resultat av politireforma. Jan Ludvik Fosse gjorde fyrst greie for situasjonen i politidistriktet og i GDE Hordaland. Noko går bra og andre ting ikkje så bra. Bl.a. er det stor ressursmangel som ikkje minst slår ut på mannskapsmangel. Han meinte at dette ikkje nødvendigvis har med politireforma å gjera.

	<p>Han skrytne av politiarbeidet i Nordhordland og samarbeidet som er mellom kommunane og lensmannen. Dessverre set økonomien sterke avgrensingar på politiarbeidet og på antal mannskap. Dette synest han heller ikkje er godt nok. Dessverre er det ikkje fullfinansiering i forhold til planlagt bemanningsnorm. Det er kun Indre Hordaland som har fått meir, men dei har i tillegg fått tilført Osterøy og Eidfjord, så i praksis har dei fått mindre også. Dette synest ikkje minst på Osterøy lensmannskontor.</p> <p>Kjell Idar Vangberg sa at Nordhordland no har sju politimannskap mindre enn i januar / februar. Fosse viste til sentralt tunge investeringar, og at utgifter med køyretøy, kontor, bygg og IKT som er stigande skal dekkast over driftsbudsjettet. Det er stort behov for nye tenestebilar, mange er gamle, utslitte og har gått veldig langt, men ein har ikkje råd til dette. Prisen på nye bilar er t.d. skyhøge.</p> <p>Regionrådet er sterkt bekymra for den utviklinga Nordhordland lensmannsdistrikt har hatt etter politireforma, og rådet er tydeleg på at dette ikkje er akseptabelt. Regionrådet viste til at dei tok kutt frivillig i reformperioden, og så kjem dette no på toppen. Det følast sjølvstøtt merkbar når sju stillingar vert borte, og Regionrådet stilte spørsmål om Nordhordland har tatt ein uforholdsvis stor del av kutta? Fosse meinte dette var nokså likt fordelt i Hordaland.</p> <p>Regionrådet stiller spørsmål til kva som har slått feil med reforma, og kvifor pengane ikkje kjem ut til distrikta. Det var mange som frykta at dette ikkje kom til å vera ei nærpolitireform, og som mange advarte mot, og no får dei rett. Ein er no spesielt bekymra for at det gode førebyggjande arbeidet blir nedprioritert. Nærpolitireforma lova eit meir synleg politi, no skjer det motsette. Mange føler seg rett og slett lurt.</p> <p>Fosse hadde forståing for dette, men viste til at målet fortsatt er å ha god dialog med kommunane, og at mannskapet skal levera og stå på.</p> <p>Vedtak: Regionrådet er sterkt bekymra for den negative utviklinga i bemanning som Nordhordland lensmannsdistrikt har hatt etter politireforma, og rådet er tydeleg på at dette ikkje er akseptabelt. Regionrådet vil i fyrste omgang fylgja saka opp med politimeister i Vest politidistrikt, og deretter vurdere å gå vidare sentralt til politidirektorat / departement og Regjering.</p>
Sak 31/18	<p>Korleis skal Yrkes- og utdanningsmessa vera i framtida? Evalueringa etter Yrkes- og utdanningsmessa hausten 2017 synte eit delt syn på messa sitt føremål. Fleirtalet meinte at føremålet er å gje elevane ei messe som syner breidda av dei utdanningsval dei kan ta. Dette vil seia at flest mogelege skuler, verksemder og opplæringskontor får ha stand på messa. Mindretalet meinte at føremålet er å syna utdanningsvala dei kan ta lokalt i Nordhordland, og avgrensa standsdeltakarar til desse. Arbeidsgruppa meiner det er naturleg at eigarane av messa, som er kommunane i Nordhordland, får saka til vurdering og vedtak. Utvalet for kultur, omdømme og kunnskapsutvikling har hatt saka til førebuing og innstilling før handsaming i Regionrådet.</p> <p>Øyvind Oddekalv innleia og gav bakgrunn for saka. Saksgrunnlag var sendt ut av Utval for kultur, omdømme og kunnskapsutvikling. Slik utvalet vurderer dette, er det framleis viktig at elevane skal finna alle utdanningsprogram på messa – både skular som representerer desse og ulike bransjar. Utvalet ønskjer å byggja opp om skuletilbodet i Nordhordland, spesielt innan studiespesialisering der det er stor konkurranse i fylket. Utvalet tilrår at berre skular utanfor regionen som kan presentera andre programfag enn dei som er det er tilbod om i Nordhordland, vert invitert til å ha stand på messa og at dei presenterer kun desse programfaga. Diskusjon og meningsutveksling i rådet.</p> <p>Vedtak: Regionrådet ønskjer å byggja opp om skuletilbodet i Nordhordland, spesielt innan studiespesialisering der det er stor konkurranse i fylket. Regionrådet vedtar at berre skular utanfor regionen som kan presentera andre programfag enn dei som det er tilbod om i Nordhordland, vert invitert til å ha stand på yrkes- og utdanningsmessa og at dei berre får høve til å presentera desse utdanningsprogramma.</p>
Sak 32/18	<p>Nordhordlandspakken – informasjon frå kontaktutvalet. Øyvind Oddekalv og Rune Heradstveit informerte frå siste møte i kontaktutvalet. Kontaktutvalet legg ut referat og anna informasjon om dei ulike prosjekta m.v. her: https://www.vegvesen.no/vegprosjekter/nordhordlandspakken/kontaktutvalet?lang=nn.</p>

Sak 33/18	<p>Gjensidig informasjon frå Alverkommunane og Randkommunane</p> <p>Alverkommunane Det er fokus på å etablere organisasjonane på leiarnivå for å ha nok kraft i prosjekta. Det vert jobba med ulike politiske prosjekt.</p> <p>Randkommunane har gåande eit prosjekt som ser på mulige administrative og fagleg samarbeid. Det er laga eit mandat til arbeidet, og det er sendt ut ei overordna saksframstilling som vert lagt fram kommunestyra som seier noko overordna om kvifor samarbeid mellom kommunane må auke og kva område som ein ser som aktuelle. Saksframstillinga er overordna og gir ein retning og handlingsrom for arbeidet. Den skal handsamast før sommarferien av kommunestyra.</p>
Sak 34/18	<p>Meldingar og eventuelt</p> <p>Vedr utsetjing høyringsfristane for Prehospital plan og Utviklingsplan 2035 Rune Heradstveit informerte om svaret Helse Bergen HF har gitt til Regionrådet sitt ynskje om utsatt høyringsfrist på Prehospital plan og Utviklingsplan 2035 . Helse Bergen HF svarar attende at dei dessverre ikkje har tid til å gje utsatt høyringsfrist utover det som allereie er gitt.</p> <p>Astrid Aarhus Byrknes informerte om at Lindås kommune jobbar med ein høyringsuttale som dei vil senda inn. Regionrådet kan få ein kopi av denne dersom det er ynskjeleg og dersom Regionrådet ynskjer å senda inn ei felles uttale. Dagleg leiar vurderer dette.</p> <p>Haraldsplass DS 100 år Astrid Aarhus Byrknes viste til at Haraldsplass DS sitt 100 års jubileum og til det nye bygget. Der er det planlagt å få til kunst frå område i Hordaland i kvar etasje. Byrknes spurte om ikkje Regionrådet skulle gje eit bilete, og t.d. innanfor ei ramme på kr 10 000. Byrknes får fullmakt til å handla inn eit bilete innanfor denne ramma. Faktura kan sendast til Nordhordland Utviklingsselskap IKS.</p>

Knarvik, 8. juni 2018



Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

Sak 28/18 Presentasjon «Prosjekt «Kunnskap og kompetanse i Nordhordland»
Sak 29/18 Karrieresenteret Hordaland

